



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 14.01.2016
Møtetid: Etter soknerådssakene
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, , Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Brigit Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Sølvi Knudsen. Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 10.12.15 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000032 Fellesråds kurs del 1

Kyrkjevevja gjekk gjennom første del av opplæringa av nye fellesråd. Grunna arbeidet med budsjettet vart det også bli brukt tid på innføring i rekneskap og budsjett for fellesråd/sokneråd.

Sak 000032 Registreringsarbeid av gjenstandar i kyrkja. Arnt Brakstad og Eirik Utne har teke på seg arbeidet.

Sak 000032 Rapport frå opprydding i gravregister og gravminne

Sjå vedlagt rapport.

Sak 000032 Innkjøp av konsertpiano

Sjå vedtak i møte 10.12. AU vedtok i siste møte før jul å kjøpe inn konsertpianoet tilbydd av Kinnepiano, fordi det ved innhenting av andre prisar viste seg å vere eit godt tilbod. Tilbodet hadde frist til årsskiftet.

Sak 001/16 Budsjettframlegg 2016 - drift- og investeringsbudsjett

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek framlegg til driftsbudsjett for 2016 og framlegg til investeringsbudsjett slik dei ligg føre.

Møtebehandling:

Mindre reknefeil i driftsbudsjettet skal rettast og ny utgåve vert sendt med møteboka. Framlegget om brakker ved kyrkja bør utgreiast og bli ei sak i soknerådet seinare.

Vedtak:

Soknerådet vedtek framlegg til driftsbudsjett for 2016 og framlegg til investeringsbudsjett slik dei ligg føre. Det er lagt opp til eit underskot i driftsbudsjettet og bruk av disposisjonsfondet for å dekke dette. Soknerådet ønskjer å legge opp til ei snarleg revisjon av budsjettet. Det skal også arbeidast målretta med å auke inntektsgrunnlaget og sjå etter høve til innsparing.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Samrøysta vedtak. .

Sak 002/16 Nye festeavgifter på kyrkjegarden

Forslag til vedtak:

- Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2016:

350 kroner pr år for kistegrav

300 kroner pr år for urnegrav

700 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 7000.

- Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

Møtebehandling:

Det kom framlegg i møtet om å fakturere festeavgifta årleg, slik at festeavgifta ikkje vert opplevd som ei for stor belastning. Auka kostnad med hyppigare utsending vert føresett dekkja av auka inntekter. Utsendinga av fakturaen bør ikkje skje samtidig med dei kommunale avgiftene. Det er viktig med god informasjon til publikum om auka festeavgifter.

Vedtak:

- Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2016:

350 kroner pr år for kistegrav

300 kroner pr år for urnegrav

700 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 7000.

Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

- Det blir årleg fakturering av festeavgift frå 2016.

Samrøysta vedtak

Sak 003/16 Val til administrasjonsutval

Forslag til vedtak:

Følgjande soknerådsmedlemmer blir valt til administrasjonsutvalet. Faste medlemmer: Ingunn Reigstad og Brigte Skeie. Vara: Regine Sagstad Berg. Staben har valt Linda G Lunga som sin representant.

Møtebehandling:

Vedtak:

Følgjande soknerådsmedlemmer blir valt til administrasjonsutvalet. Faste medlemmer: Ingunn Reigstad og Brigte Skeie. Vara: Regine Sagstad Berg. Staben har valt Linda G Lunga som sin representant.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Sak 004/16 Kyrkjeutvalet - endring i mandat og val av leiar.

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek det reviderte mandatet for kyrkjeutvalet. ... vert valt til leiar i kyrkjeutvalet. Alle dei noverande medlemmene; Frank Rune Dale, Per Arne Traa, Kristin Mestad, Terje Dale og Roy Carlsen, vert spurt om å stille til ein nye periode anten for 4 eller 2 år.

Møtebehandling:

Bent Gunnar Næss stiller som representant frå soknerådet. Han sa seg også villig til å vere leiar for kyrkjeutvalet.

Vedtak:

Soknerådet vedtek det reviderte mandatet for kyrkjeutvalet. Bent Gunnar Næss vert valt som soknerådet sin representant og til leiar i kyrkjeutvalet. Alle dei noverande medlemmene; Frank Rune Dale, Per Arne Traa, Kristin Mestad, Terje Dale og Roy Carlsen, vert spurt om å stille til ein nye periode for 2 år.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellestrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjevevjerje/sekretær